LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

ABO Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

| | | |
|---|---|---|
| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 11.06.2015 |
| Vår: 14/4458 - 15/21850 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest for felt B2 hus E gbnr 188/768 Gjervik Ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 242/15**
**Tiltakshavar:** Vestlandske Boligbyggelag - Vestbo
**Ansvarleg søkjar:** ABO Plan & Arkitektur AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10**.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.08.2014.For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.
Det vert elles vist til søknad motteken 08.06.2015.
Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Langheiane B2 Hus E |
| Bygningstiltak: | Lavblokk,bustadbygg |
| Bygningsnummer: | 300455982 |
| Bruksareal: | 634 |
| Avlaup: | Offentleg |
| Vatn: | Offentleg |

VEDTAK:
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for felt B2 hus E på gnr. 188, bnr.768. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.
Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4458

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tor Hegle<br>avdelingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vestlandske Boligbyggelag - Vestbo | Strandgaten 196 | 5004 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| ABO Plan & Arkitektur AS | Postboks 291 | 5203 | OS |